

# Øvre Naustdal Utmarkslag

## Møtereferat

### Styremøte Øvre Naustdal Utmarkslag

Tirsdag 04.02.14 kl. 19.30

#### Instedalen Skule

Desse møtte: Normund Svoen, Odd Vonen, Gudmund Eimhjellen, Arne Dvergsdal, Kjell Klopstad. Alle faste styremedlemar.

I tillegg møtte Alf Erik Røyrvik, Forvaltar for Naustdal Gjengedal LVO og Ålfoten LVO i forbindelse med sak 1 a og 1 b.

## Saksliste

### 1. Orientering og drøfting omring satsingsprosjekta bestemt på forrige styremøte.

- a. Hengebrua. Jfr. Tidlegare epostkommunikasjon med grunneigarane på Nes. Spesielt viktig med deira synspunkt på andre mulege prosjekt på deira grunn – tilrettelegging av sti frå parkeringsplassen ved Vonavatnet til inste enden av Vonavatnet samt synspunkt på den omtalte traktorvegen frå Steinbakken til Nesstølen som det er gitt løyve til å lage i forbindelse med oppretting av landskapsvernområdet.  
Handsaming: Leiar gjekk gjennom korrespondanse med grunneigarane. Styret drøfta saka grundig, og meiner det er rett å sjå fleire tiltak som gjeld auka framkomst i samanheng. Dette gjeld også den påtenkte traktorvegen frå Nes til Nesstølen. Styret har stor forståing for grunneigarane sitt syn på avgrensingar og regelverk. Styret vil legge vekt på dette i ein evt avtale. Styret ser det som viktig at prosjekta ikkje blir sett opp mot kvarandre, men vert realiserte etterkvart som dei ulike element i tiltaka fell på plass.  
Vedtak: Etter nødvendig avklaringsar med grunneigarane vil styret setje i gang prosjektering av gangsti til austenden av Vonavatnet, og knyte dette saman med det igongsette «klopp-prosjektet». Vidare vil styret arbeide vidare med planane for prosjektering av hengebru over utløpsosen i Vonavatnet.  
Styret ønskjer eit drøftingsmøte med gruppa som arbeider med traktorvegen, og inviterer til dette.
- b. Småviltforvaltning. Forvaltar Alf Erik Røyrvik heldt foredrag om dette temaet. Det vert synt til vedlegg og eige oppslag på heimesida.  
For å setje i gang oppstart av forvaltningsplan for småvilt meiner styret det kan vere rett å skipe til ein fagdug med grunneigarar, organisasjonar, fagfolk og kommunane Naustdal, Jølster og Førde. Gudmund Eimhjellen arbeider vidare med saka. Forvaltar Røyrvik er innstilt på bidra i dette arbeidet.

- c. Utbetring av kaia ved Vonavatnet. Dei fleste som brukar båt i Vonavatnet bruker kaia til opplastingsplass. Kaia vert såleis i dag nytta til mange fleire formål enn den vart bygd for.

Det synest vanskeleg å få støtte til dette arbeidet gjennom LVO midlar. Styret drøfta andre finansieringsmåtar som «smil-midlar, direkte tilskot frå grunneigarsida og frå hytteeigarane. Odd Vonen og Kjell Klopstad arbeider vidare med denne saka.

## **2. Status for parkeringsplassane – brøyting?**

Det er gjort avtale om brøyting på parkeringsplassane med personell som elles brøyter dei aktuelle vegane. Lite snø hittil i vinter har gjort at behovet for brøyting har vore lite, men styret legg til grunn at avtalane blir iverksette når behovet er der.

## **3. Planlegging av årsmøtet 1. mars.**

Årsmøtet vert laurdag 1. mars. Før sjølve årsmøtet vert det ope møte der Harald Sægrov frå Rådgivende Biologer legg fram rapport om fiskeprosjektet i Vonavatnet. (Kl 12:30-14:00) Leiar gjekk gjennom dei ulike verv i laget, og kven som er på val. Han tek også kontakt med leiar i valnemnda.

Arnde Dvergsdal ordnar med avtalar om matsservering.

4. Eventuelt.  
Ingen saker.

Ref: Kjell Klopstad, 06.02.2014